



Øyvind Lars Solbakken
Øvre Såtehov 19

3864 Rauland



Delegert sak nr. 17/453

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
SIGRIDLI	2017/1468	25605/2017	K01	21.12.2017

138/8 - Svar på søknad om snøskuterløyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg § 5, c

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119*

Bakgrunn:

Øyvind Lars Solbakken har søkt om **hytteløyve sone 1** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå parkering ved **Steinbakken, Raulandgrend** til hytter på **138/8 – Kråmvikvegen 909 og 915**.

Kommunens vedtekne retningslinjer av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 1 gjeld for hytter som ligg under 1040 moh.

Vurdering:

Hyttene på **138/8 – Kråmvikvegen 909 og 915** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 1 og det kan difor gjevast løve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslovas §§ 8 – 12. Ferdslar blir vurdert til å ikkje forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtyper i området. Me oppmodar likevel



Vinje kommune
Næringskontoret

til å redusere ferdsel til eit minimum og at all transport skal skje så skånsamt som mogleg med omsyn til plante- dyre- og fugleliv.

Einingsleiar sitt vedtak:

Øyvind Lars Solbakken sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekte i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedtekte i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år om gongen frå 21.12.2017. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer. Løyvet gjeld for éin snøskuter. Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Steinbakken, Raulandgrend** til hyttene på **138/8 – Kråmvikvegen 909 og 915** vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke. Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Toril Nicolaisen /s/
Nærings sjef

Sigrid Vinjerui Lid
konsulent

Kopi til:

Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Telemark politidistrikt	Postboks 47	3701	Skien



Hytteløyve sone 1

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c

LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

Løyvet gjeld for:

Øyvind Lars Solbakken, Øvre Såtehov 19, 3864 Rauland

Trasé som skal nyttast er **Steinbakken, Raulandgrend** til hyttene på **138/8 – Kråmvikvegen 909 og 915** som er innteikna i kartet.

Løyvet gjeld i fire år frå 21.12.2017.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektingar i rett line kan og nytte løyvet.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv

